

Valprogram for Austevoll SV 2019 - 2023

Austevoll SV sitt mål er eit sosialistisk demokrati, tufta på rettferd, framtidsretta klima og miljøpolitikk og solidaritet. Viktige tenester som skule, minst ein barnehage og pleie og omsorg skal vere offentlege. Vi vil skape ein inkluderande kommune med sterke fellesskap og små forskjellar.

Vi skal tenke globalt og handle lokalt for å takle dei store miljø- og klimautfordringane vi har. Vi vil ha ein kommune som handlar, og ikkje berre pratar i møte med klimakrisa. Vi vil ha ein kommune for vanlege folk, der dei på toppen av inntektslista skal bidra meir. Vi vil ha ein kommune kor alle kan lukkast og ingen vert gjeve opp.

I dag er det to store kriser som truer vår framtid, og desse må me ta på alvor i Austevoll kommune.

Den eine krisa heiter klimakrisa, og vert skapt av høge klimagassutslepp. I Austevoll må me gjere alt me kan for å kutta våre eigne utslepp, slik at me kan gå fram som eit godt eksempel og inspirere dei rundt oss.

Den andre heiter ulikskapskrisa og vert skapt av aukande forskjellar. Dei aukande forskjellane må det jobbast aktivt mot, både nasjonalt og lokalt. Ingenting er mindre norsk enn store forskjellar.

Austevoll SV krev at desse krisene faktisk vert tatt på alvor i kommunen.

Eit berekraftig Austevoll

- Lage ein ambisiøs energi- og klimaplan for Austevoll
- Ha en klimakoordinator i kommunen, med det overordna ansvaret for å følge opp kommunen sin klimaplan
- SIM må utvide sine tenester, blant anna med sikker levering av plast, kjemikaliar og liknande.
- Kommunen må raskt få i gang tiltak for å hjelpe private, kommunen sine etatar og næringslivet med å bevisstgjere og motivere mot forureining.
- Stille strengare miljøkrav til det offentlege



- Stoppe offentleg innkjøp av unødvendig eingongsplast
- Få på plass fleire ladestasjonar til elbil
- Lage ei ordning som belønner fiskarar og andre, som henter opp boss frå sjøen
- Gjere det enklare for folk å velje kollektivtransport
- Etablere park ved Helsehuset, med leikeapparat, benkar og plantar, eit parkområde som kan gagne både eldre og yngre.

Distriktsvennleg Kollektivtransport

- Forhandle fram eit betre busstilbod med fylkeskommunen
- Gå inn for fleire og billigare hurtigbåtagangar
- Gå inn for auka frekvens for ferjene, både i sør og nord.
- Ha mål om nullutslepp frå snøggbåtar innan 2024

Skule

- Fjerne heimelekser frå grunnskulen
- Gje alle barn i grunnskulen eit gratis næringsrikt måltid kvar skuledag
- Innføre ny og betre seksualundervisning
- Syte for tilfredsstillande skulehelseteneste
- Gjere det mogleg for “Helsesøster/bror” å vere på skulen oftare
- Syte for at alle barn får tilstrekkeleg symjeopplæring
- Sette inn / styrke tiltak mot mobbing i skulane
- Syte for nok personale med spesialpedagogisk kompetanse

Ungdom

- Bruke midlar som vert frigjort ved å redusere politiskar – og kommuneleingiingløn, til td. ei ekstra stilling som ungdomskoordinator
- Utvide ordninga for gratis HPV-vaksine for ungdom
- Støtte opp om ordningar og arrangement som styrker båndet mellom politiet og ungdommen

Oppvekst

- Sikre ferietilbud for barn mellom 7 og 16 år, i samarbeid med ideelle organisasjonar

Barnehage

- Sikre plass i gode lokale barnehagar til alle barn
- Bygge ein kommunal barnehage
- Syte for at barnehagedrifta har ein gjennomgåande høg kvalitet, og at eigarane først og framst skal tenke barn og ikkje profit.
- Gå inn for at kommunen skal gje nye anbod til kommunale eller ideelle aktørar
- Jobbe for at den nye bemanningsnorma skal vere ei minimumsnorm

Arbeidsliv og velferd

- Jobbe for heiltidskultur - dei fleste kommunale stillinger bør lysast ut som heile stillinger
- Innføre Skien-modellen som sikrer lærlingplasser og hindrar sosial dumping i byggebransjen
- Hindre profit i velferden - kun kommunal eller ideell drift
- Kommunen må ta inn fleire lærlingar
- Få til eit betre samarbeid mellom kommunen og næringslivet slik at ein kan sikre lærlingplassar til alle
- Avvikle konkurranseutsetjing av dei kommunale tenestene- omsorg og reinhald skal vere kommunale
- Halde barnetrygden utanfor utrekninga av sosialhjelp - ingen skal straffast for at dei har barn og går på trygd
- Innføre vikarpool for å redusere ufrivillig deltidstillingar, auke driftsresultat og kvalitet på ulike tenester
- Innføre lokal «kraftskatt» på havbruk/fiskeoppdrettsanlegg

Helse

- Tilby fulltidsstillinger for helsesykepleiarar
- Styrke lavterskeltilbod for rusmiddelavhengige
- Gå inn for et samarbeid med nabokommunane om etablering av beredskapsbustader for familiar som er utsett for vald i nære relasjonar
- Styrke psykiatritilbodet for vaksne

Kultur/Idrett

- Få på plass ein barne- og ungdomsbibliotekar
- Alle barn skal ha rett til minst ein organisert fritidsaktivitet, uansett familieøkonomi.

Eldrepolitikk

- Sette i gong ein reell gjennomgang av mattilbodet på sjukeheimane
- Innføre kommunal bemanningsnorm for sjukeheim og heimesjukepleien

Den økonomiske situasjonen

- Kutte i løna til politikarane – maks 8 x grunnbeløpet for full stilling
- Ein gjennomgang av kommune administrasjonen og måten denne er bygd på opp på i dag.
- Skape nye arbeidsplassar og auke skatteinntektene.
- Opprette bygdevekstråd - eit rådgjevande organ som skal kome med innspel til korleis me kan gjere kommunen meir attraktiv for innflytting
- Innføre rettferdig eigedomsskatt i heile Austevoll

Landbruk

- Ha eit mål om å bruke så mykje matjord som mogleg.
- Det skal ikkje byggjast ut på dyrka mark eller matjord.
- Ja til småbruk

Integrering

- Austevoll skal bli flinkare til å ta imot og hjelpe alle som busett seg i kommunen, både i etableringsfasen og det sosiale livet.
Kvar ny tilflyttar/tilflyttarfamilie skal få velkomstbrev frå kommunen med informasjon om kva kommunen har å by på av tenester
- Kommunen skal ha ein eigen integreringsansvarleg.

Bustad

- Bygge studentbustadar i tilknytning til Austevoll vidaregåande skule
- Tilby offentlege utleigebustadar

Veg

- Syte for trygg skuleveg for alle barn. Barna skal ha skuleskyssordning, inntil vegen er trygg nok.
- Sikre gang- og sykkelveg og trygge vegar ved store byggeprosjekt
- Gå i dialog med fylkeskommunen om nattavganger på ferge, då sjøen er tilkomstveg til Austevoll

Naturvern

- Redde humler og bier ved å krevje bruk av innsektvennlege alternativ på skadelege sprøytemiddel
- Austevoll Kommune skal bruke plantar som gjev gode vilkår for bier, både med tanke på honning og pollen
- Vi må sikre det biologiske mangfaldet for plantar, dyr og menneske.
- Vi må få auga opp for den unike kystnaturen som kommunen har, og bidra til å stoppe den massive nedbygginga av strandlinja i Austevoll
- Vi må bidra til auka kunnskap om den marine forsøplinga
- Hindre overfiske på utsatte arter.